

VEDTEKTER  
FOR  
SOGN OG FJORDANE TANNLEGEFORENING

*Vedteken av Sogn og Fjordane tannlegeforenings generalforsamlinga 20.05.2021,  
med umiddelbar verknad.*

Innhold

1. FOREININGA SITT NAVN OG GEOGRAFISKE OMRÅDE .....	2
2. FOREININGA SITT FORMÅL.....	2
3. REGISTRERING AV FOREININGA .....	2
4. MEDLEMENE SINE PLIKTER.....	2
5. MEDLEMSKATEGORIER.....	3
5.1 Ordinære medlemer .....	3
5.2 Pensjonistmedlemer.....	3
5.3 Assosierte medlemer .....	4
5.4 Æresmedlemmer .....	4
6. KONTINGENT.....	4
7. INN- OG UTMELDING.....	4
7.1 Innmelding .....	4
7.2 Utmelding.....	5
8. STRYKING OG EKSKLUSJON.....	5
8.1 Strykning .....	5
8.2 Eksklusjon.....	5
9. OVERSIKT OVER LOKALFOREININGAS ORGANER/TILLITSVALDE .....	6
10. GENERALFORSAMLING.....	6
10.1 Generalforsamlingas rolle og vedtakssmynde .....	6
10.2 Generalforsamlinga sine oppgåver .....	6
10.3 Innkalling og gjennomføring av generalforsamlinga.....	7
(1) Tidspunkt for generalforsamling .....	7
(2) Innkalling til generalforsamling, innmelding av saker og utsending av saksliste ....	7
(3) Møteleiing og referat .....	7
(4) Val og stemmegivning.....	8
11. EKSTRAORDINÆR GENERALFORSAMLING.....	8
12. BEHANDLING AV SAKER TIL NTFs REPRESENTANTSKAP .....	8

13.	STYRET .....	8
13.1	Styrets oppgaver.....	8
13.2	Styrets samansetjing og val .....	10
13.3	Styrets arbeid og beslutningsmynde.....	10
13.4	Habilitetsregler .....	10
13.5	Rekneskap .....	11
13.6	Signaturrett .....	11
14.	KLAGENEMND .....	11
15.	KOLLEGAHJELPERE.....	11
16.	VALKOMITÉ .....	11
16.1	Valkomiteens samansetjing og val.....	11
16.2	Valgkomiteens arbeid og oppgaver .....	12
17.	UTFYLLENDE REGLAR.....	12
18.	VEDTEKTSENDRINGAR.....	12
19.	OPPLØYSNING.....	12

## 1. FOREININGA SITT NAVN OG GEOGRAFISKE OMRÅDE

Foreininga sitt navn er Sogn og Fjordane tannlegeforening.

Foreininga er eit eige organ i Den norske tannlegeforening (NTF), jf. NTFs vedtekter § 17.

Foreiningas geografiske område omfattar tidlegare Sogn og Fjordane fylke, som også går fram av eige vedlegg til NTF sine vedtekter § 18.

Grensene for lokalforeiningane vert fastsett av representantskapet.

## 2. FOREININGA SITT FORMÅL

Lokalforeininga skal representera NTF i sitt geografiske område og ivareta medlemene sine interesser i tråd med NTF sitt formål.

## 3. REGISTRERING AV FOREININGA

Foreininga sitt organisasjonsnummer er 975682862.

## 4. MEDLEMENE SINE PLIKTER

Medlemer av lokalforeininga pliktar å rette seg etter NTF og lokalforeininga sine vedtekter, NTF sine etiske reglar, NTF sine reglar om obligatorisk etterutdanning og NTF sine klagenemndsreglar.

Medlemmer av lokalforeininga pliktar på førespurnad å svara på spørsmål som gjeld sitt tilhøve til NTF.

Medlemer av NTF som utøvar tannlegeyrket i lokalforeininga sitt område eller sluttar å utøva tannlegeyrket i området pliktar å senda melding til lokalforeiningssstyret om dette. Melding skal også sendast til NTF sentralt.

## 5. MEDLEMSKATEGORIER

Lokalforeininga har følgjande medlemskategoriar:

### 5.1 Ordinære medlemer

Som ordinære medlemer av lokalforeininga reknast ordinære medlemer av NTF som har sin hovedarbeidsplass i lokalforeininga sitt geografiske område. NTF sitt hovestyre kan i særlige tilfeller gje dispensasjon frå regelen om ordinære medlemer sin lokalforeiningstilknytning, jf. NTFs vedtekter § 41-1.

Ordinære medlemer har stemmerett, forslagsrett og talerett i foreiningssaker. Dei er valgbare til lokalforeininga sitt styre og som representant for lokalforeininga til NTF sin representantskap.

Ordinære medlemer har rett til å setja fram forslag til NTF sin representantskap og forlanga dei sett under avstemming og meddelt til representantskapet, jf. NTFs vedtekter § 21-2.

Ordinære medlemer kan utpeikast av styret til å representera foreininga i eksterne samanhengar.

### 5.2 Pensjonistmedlemer

Som pensjonistmedlemer av lokalforeininga opptas pensjonistmedlemer av NTF som har valgt å ha sin hovedtilknytning til lokalforeininga.

Pensjonistmedlemer har stemmerett, forslagsrett og talerett i foreiningssaker. Dei er valgbare til lokalforeininga sitt styre og som representant for lokalforeininga til NTF sitt representantskap.

Pensjonistmedlemmer har rett til å setja fram forslag til NTF sitt representantskap og forlange dei sett under avstemming og meddelt til representantskapet, jf. NTF sine vedtekter § 21-2.

Pensjonistmedlemmer kan utpeikast av styret til å representere foreininga i eksterne samanhengar.

### 5.3 Assosierte medlemmer

Etter skriftlig søknad til styret i lokalforeininga kan følgjande takast opp som assosierte medlemmer:

- Ordinære medlemmer av NTF som har sitt hovedmedlemskap i ei annan lokalforeining
- Pensjonistmedlemmer av NTF som har sitt hovedmedlemskap i ei annan lokalforeining
- Studentmedlemmer av NTF
- Passive medlemmer av NTF.

Assosierte medlemmer har adgang til lokalforeininga sine møter og kurs. Dei har ikkje stemmerett i lokalforeiningssaker. Assosierte medlemmer er ikkje valgbare til lokalforeininga sitt styre eller som representant for foreininga til NTF sitt representantskap.

### 5.4 Æresmedlemmer

Etter framlegg frå styret, kan æresmedlem utnemnast av årsmøtet med 2/3 fleirtal.

Medlemmer kan koma med forslag til styret på kandidat til æresmedlemskap.

Berre æresmedlemmer som oppfyller vilkåra for å bli ordinært medlem eller pensjonistmedlem av lokalforeininga har stemmerett i foreiningssaker og er valgbare til verv i foreininga, jf. NTF sine vedtekter § 40-5.

## 6. KONTINGENT

Medlemskontingenten vert fastsett av årsmøtet for eitt år om gongen og skal betalast av alle ordinære medlemmer, pensjonistmedlemmer og assosierte medlemmer. Medlemmer over 65 år og ikkje-praktiserande medlemmer over 62 år er fritekne frå kontingent. Æresmedlemmer betaler ikkje kontingent.

For medlemmer som er ordinære medlemmer av NTF og som dermed er pliktige medlemmer av ein lokalforeining skal kontingent betalast til den lokalforeininga som vedkomande står tilslutta 1. januar. For dei andre medlemskategoriane betalast kontingent for kun eit halvt år dersom innmeldinga skjer etter 1. juli.

## 7. INN- OG UTMELDING

### 7.1 Innmelding

Ordinære medlemmer av NTF vert automatisk medlem av den lokalforeininga der dei har sin hovudarbeidsstad. Pensjonistmedlemmer av NTF vert automatisk medlem av den lokalforeininga som dei ved overgang til pensjonistmedlemskap har valgt å ha hovedtilknytning til, eller senere skriftlig har gjeve beskjed til NTF sentralt om at dei skal ha hovedtilknytning til.

Einkvar som ynsker å verta assosiert medlem av lokalforeininga må senda skriftleg søknad til styret i lokalforeininga.

Medlemskapet gjeld frå innmeldingsdato. Æresmedlemskap gjeld fra dato for vedtak om utnemning som æresmedlem.

## 7.2 Utmelding

Utmelding av NTF skjer skriftleg til NTF sitt sekretariat. Kopi sendast til styret i lokalforeininga.

Utmeldinga tek til å gjelda frå nærmaste halvår etter utmeldingsdagen (30. juni eller 31. desember).

Medlemer som melder seg ut av NTF mister samstundes medlemskapet i lokalforeininga.

Går eit ordinært medlem av NTF over til å verta passivt medlem, vert vedkomande betrakta som uttrådt av lokalforeininga fra den tid det passive medlemskapet byrja, dersom vedkomande ikkje melder frå til lokalforeiningsstyret at ein ynskjer å halda fram medlemskapet i lokalforeininga. Passive medlemer av NTF inngår i so fall i kategorien assosierte medlemer, jamfør punkt 5.3.

## 8. STRYKING OG EKSKLUSJON

### 8.1 Strykning

Dersom eit medlem unnlet å betale føregående års medlemskontingent etter gjentekne purringar, kan lokalforeiningsstyret overfor NTF innstilla på at vedkomande vert strøken som medlem.

Det er NTFs administrasjon som har fullmakt til å iverksetja strykningar.

Medlemskapet kan takast opp att etter søknad, når uteståande medlemskontingent er betalt.

### 8.2 Eksklusjon

Dersom eit medlem er fråteken sin autorisasjon eller lisens som tannlege, eller syner ein oppførsel eller handlemåte som inneber grove brot på NTFs vedtekter, NTFs etiske reglar, NTFs reglar om obligatorisk etterutdanning eller NTFs klagenemndsreglar kan NTFs hovestyre, med 2/3 flertall, ekskludere medlemmet, jf. NTFs vedtekter § 48.

Før avgjerd vert fatta skal uttale frå styret i lokalforeininga vera innhenta. NTFs administrasjon sørger for at medlemmet vert gjort kjend med styret sin uttale og får høve til å kommenter denne.

Gjenopptaking av eit ekskludert medlem, vedtakast av NTFs hovedstyre med 2/3 fleirtall.

## 9. OVERSIKT OVER LOKALFOREININGAS ORGANER/TILLITSVALDE

Lokalforeininga har følgjande organer og tillitsverv:

- (1) Generalforsamling.
- (2) Representantar til NTFs representantskap.
- (3) Styre.
- (4) Eitt medlem(revisor) som skal revidere årsrekneskapen før det sendast generalforsamlinga til godkjenning.
- (5) Klagenemnd.
- (6) Kollegahjelpere.
- (7) Valkomit .

## 10. GENERALFORSAMLING

- 10.1 Generalforsamlingas rolle og vedtakssmynde  
Generalforsamlinga er lokalforeiningas h gste organ.

Generalforsamlinga er vedtaksf rt n r den er lovleg innkalt. Medlemene kan ikkje gje andre medlemmer fullmakt til   stemme p  sine vegne ved fr v r.

Generalforsamlinga kan ikkje handsama saker som ikkje st r p  saklista, men har h ve til   ta opp til diskusjon saker som ikkje framg r av saklista.

- 10.2 Generalforsamlinga sine oppg ver

Generalforsamlingen har følgjande oppg ver:

1. Handsama signert  rsmeldinga fr  styret.
2. Handsama  rsmelding fr  andre organ/tillitsvalde.
3. Godkjenna foreiningas signerte  rsmelding med noter.
4. Fastsetja medlemskontingent for komande  r.
5. Godkjenna styret sitt budsjettforslag for komande budsjettperiode.
6. Val
  - Styret.
  - Revisor.
  - Klagenemnd.
  - Kollegahjelpere.
  - Valkomit .
  - Representantar til NTF sitt representantskap, dersom dette ikkje vert gjort i eit eige medlemsm te.
7. Utnemna eventuelle  resmedlemmer.
8. Handsama andre saker som g r fram av dagsorden.

### 10.3 Innkalling og gjennomføring av generalforsamlinga

- (1) Tidspunkt for generalforsamling  
Ordinær generalforsamling vert halde kvart år, på våren etter at rekneskap og budsjett er handsama av styret.
- (2) Innkalling til generalforsamling, innmelding av saker og utsending av saksliste  
Kvart medlem eller organ i lokalforeininga kan leggja fram saker for handsaming på generalforsamlinga.

Styret skal skriftleg varsla medlemene om dato for møtet og frist dei har for innlevering av saker som ein ynskjer skal handsamast, seinast 8 veker før generalforsamlinga.

Styret skal førebu og gje si innstilling i alle saker som skal handsamast på generalforsamlinga.

Styret kallar inn til generalforsamling. Møteinnkallinga skal vera medlemene i hende seinast 2 veker før møtet.

Følgjande skal være lagt ved møteinnkallinga:

1. Dagsorden.
  2. Referat frå forrige generalforsamling.
  3. Signert årsmelding frå styret.
  4. Årsmelding fra andre organ/tillitsvalde.
  5. Revidert og signert rekneskap for føregående år.
  6. Budsjettforslag med forslag til kontingent for komande budsjettperiode.
  7. Gjennomgang av generalforsamlingssakene med styret sin tilråding.
  8. Innkomne forslag på kandidatar til ulike tillitsverv, samt valkomiteen sin tilråding.
  9. Forslag til æresmedlemer.
- (3) Møteleiing og referat  
Generalforsamlinga vert leia av leiaren i lokalforeininga eller møteleiar vald av årsmøtet.

Det skal skrivast referat frå generalforsamlinga. Referent vert utpeika av møteleiar etter forslag frå møtedeltakarane.

Referatet skal underskrivast av to medlemer som generalforsamlinga velgjer, i tillegg til referenten.

Referatet skal gjerast tilgjengeleg for lokalforeininga sine medlemmer snarast råd etter generalforsamlinga, og vert også lagt fram til orientering på neste års generalforsamling.

(4) Val og stemmegivning

Alle val og avstemningar vert avgjorde med vanleg stemmefleirtal, unnateke val av leiaren som skal veljast med 2/3 fleirtal. Dersom det ved val av leiar ikkje vert oppnådd 2/3 fleirtal skal det gjerast omval mellom dei to som hadde flest stemmer. Det er då nok med vanleg stemmefleirtal.

Val og avstemningar skal gjerast skriftleg berre dersom fleire enn 1/3 av dei stemmeberettiga krev det. Det skal gjennomførast skriftleg val dersom det er fleire kandidatar til eit verv.

Alle val gjeld for 2 år, og gjeld med øyeblikkeleg verknad.

Lokalforeininga sine representantar til NTF sitt representantskap vert valde på medlemsmøte på hausten dei åra det er representantskap. Representantskapssakene skal drøftast på dette medlemsmøtet.

## 11. EKSTRAORDINÆR GENERALFORSAMLING

Ekstraordinær generalforsamling skal kallast inn når

- minst halvparten av styret krev det, eller
- minst 1/5 av medlemene har sett fram skriftleg krav om dette til styret.

Innkallinga skjer etter same reglar som for vanleg generalforsamling.

Ein ekstraordinær generalforsamling kan bare handsama saker som står på saklista ved innkallinga.

Ein lovleg innkalt ekstraordinær generalforsamling er vedtaksført.

## 12. BEHANDLING AV SAKER TIL NTFs REPRESENTANTSKAP

Lokalforeningsstyret skal i eit medlemsmøte leggja frem for medlemene sakene som er sett på saklista til representantskapet jamfør NTF sine vedtekter § 21.

## 13. STYRET

### 13.1 Styrets oppgaver

Styret har følgjande oppgåver:

- (1) Leia verksemda i foreninga, og ha det økonomiske ansvaret.
- (2) Representera medlemene utad og overfor NTF sentralt.



- (3) Syta for at opplysninger om styremedlemer og annan informasjon om foreininga er oppdatert i Enhetsregisteret, og at det er føreteke pliktig registrering i eventuelle andre offentlege registre.
- (4) Kjenna til og retta seg etter rutiner for handsaming av personopplysninger i lokalforeinga.
- (5) I samarbeid med NTF sentralt sjå til at NTF og lokalforeininga sine regelverk vert overhaldne.
- (6) Gjennomføra vedtak som er vedtekne på generalforsamlinga.
- (7) Uttala seg om særskilte saker innan fastsette fristar, når hovestyret ber om det.
- (8) Informera NTF sentralt om aktivitetar som kan ha betydning for NTF sin verksemd sentralt, og generelt medverka til løpande dialog med NTF sentralt.
- (9) Leggja fram budsjettforslag og forslag til kontingent for komande budsjettperiode.
- (10) Handsama innkomne saker frå medlemer eller organ i lokalforeininga.
- (11) Kalla inn til generalforsamling og førebu og gje sin tilråding i dei saker som skal handsamast på generalforsamlinga.
- (12) I god tid kunngjera frist for når medlemane kan fremja forslag til valkomiteen på kandidatar til ulike verv som skal veljast av generalforsamlinga.
- (13) Leggja fram årsmelding om verksemda, og legge fram revidert og signert rekneskap samt forslag til budsjett for komande budsjettperiode for generalforsamlinga.
- (14) Vera ansvarleg for den faglege kursverksemda i lokalforeininga, og leggja til rette for løpande dialog med NTF sitt fag- og etteutdanningsutval i samband med utviklinga av NTF sitt kurstilbod lokalt.
- (15) Arrangera medlemsmøter.
- (16) Arrangera sosiale samvær i samband med medlemsmøter/kurs eller eigne sosiale samankomstar.
- (17) Hjelpa NTF sitt sekretariat med å innhenta opplysninger som er naudsynt for å halda NTF sitt medlemsregister oppdatert.
- (18) Melda frå til NTF sitt sekretariat om resultata av alle val og utnemningar i lokalforeininga.
- (19) Oversenda til NTF sitt sekretariat eventuelle forslag frå lokalforeininga sitt styre/evt. andre organ til saker som ein ynskjer handsamast av representantskapet, og videresenda til NTF sitt sekretariat private forslag til representantskapsaker, vedlagt styret sin begrunna innstilling i saka.
- (20) Halda medlemsmøte for å gjennomgå dei sakene som skal handsamast av representantskapet, og velgja representanter til representantskapsmøtet.
- (21) Føreslå æresmedlemer.

## 13.2 Styrets samansetjing og val

Lokalforeininga vert leia av eit styre på 7 medlemer. Av desse skal 6 veljast på generalforsamlinga. Generalforsamlinga vel leiar, nestleiar (kan ha oppgåva som sekretær i tillegg), sekretær, kurskontakt og kasserar.

Styret skal ha minst eitt styremedlem som er hovudtillitsvald eller medlem av dei lokale utval av tillitsvalde(UTV), som skal orientera om dei lokale tillitsvalde sitt arbeid i deiras område.

Generalforsamlinga skal i tillegg velja privatpraksisrepresentant og personleg vararepresentant for den valde privatpraksisrepresentant. Desse treng ikkje veljast særskilt for å ivareta denne oppgåva, men kan veljast blant dei valde styremedlemene. Berre medlemer som arbeider i privat sektor kan røysta ved val av privatpraksisrepresentant. Den som vert vald til privatpraksisrepresentant har eit særskilt ansvar for å ivareta interessene til dei privatpraktiseranda tannlegane. Dette følgjer av NTF sine vedtekter. Vedkomande skal representera lokalforeininga på NTF sitt næringspolitiske forum. Leiar i lokalforeininga kan ikkje ha dette vervet.

Styret skal vera samansett av medlemer frå både privat og offentleg sektor.

Dersom eit medlem av styret trer ut før valperioden er over, kan styret avgjera om det skal gjerast eit suppleringsval på ein ekstraordinær generalforsamling, eller omfordela oppgåvene internt i styret fram til nytt medlem vert vald på ordinær generalforsamling.

Vala gjeld for to år om gongen, og gjeld med øyeblikkeleg verknad.

## 13.3 Styrets arbeid og beslutningsmynde

Styret er vedtaksført når minst 4 av medlemene er til stades.

For vedtak vert kravd vanleg fleirtal.

Ved likt stemmetal, har leiar dobbeltstemme.

Det skal førast referat fra styremøta.

## 13.4 Habilitetsregler

For medlemene i styret gjeld habilitetsreglane i forvaltningslova § 6 tilsvarende, så langt dei passer. Slektskap til ein av partane i ei sak eller andre spesielle tilhøve som gjer at tilliten til avgjerder i styret kan svekkast, kan medføre inhabilitet. Ved vurderingen av om det ligg føre andre spesielle tilhøve skal det vektleggjast om avgjerda kan innebera særlig fordel, tap eller

ulempe for vedkomande styremedlem eller nokon som han/hun har nær personlig tilknytning til.

Eit medlem av lokalforeningsstyret kan også sjølv be om å få fråtre dersom vedkommende meiner seg inhabil.

### 13.5 Rekneskap

Kasserar har ansvar for at foreininga sitt rekneskap vert ført.

Rekneskapsåret følgjer kalenderåret.

Rekneskapet skal gjennomgåast av revisor vald av generalforsamlinga.

Revidert og signert årsrekneskap skal leggjast fram for generalforsamlinga for godkjenning innan 1. juli.

### 13.6 Signaturrett

Styret har signatur i fellesskap.

Styret avgjer kva styremedlemmer som skal ha prokura.

## 14. KLAGENEMND

Klagenemnda vert vald på generalforsamlinga. Valet gjeld for 2 år om gongen.

Klagenemnda skal ha 3 medlemer og 2 varamedlemer. Klagenemnda vel sjølv sin leiar.

Nærare reglar om klagenemnd finn ein i Reglement for NTFs klagenemnder.

## 15. KOLLEGAHJELPERE

Lokalforeininga skal ha minst to kollegahjelpere som vert vald på generalforsamlinga for minimum tre år. Kollegahjelperne bør representera begge kjønn og både offentleg og privat sektor og bør ikkje ha andre tillitsverv.

Nærare regler om lokalforeininga sin kollegahjelpordning finn ein i Reglement for NTFs kollegahjelpordning.

## 16. VALKOMITÉ

### 16.1 Valkomiteens samansetjing og val

Det skal veljast 2 medlemer til valkomiteen. Både offentlig og privat sektor bør vera representerte i valkomiteen. Medlemene i valkomiteen kan ikkje samstundes ha andre verv i foreininga sine organ som vert valde av generalforsamlinga.

Valkomiteen vert vald direkte av generalforsamlinga. Alle medlemer i lokalforeininga kan føreslå medlemer til valkomiteen. Forslaga skal sendast til

styret som skal leggja dei fram for generalforsamlinga. Dersom det ikkje kjem inn nok forslag på kandidatar er styret forplikta til å framsetja ytterlegare forslag på medlemmer til valgkomiteen.

Medlemene vert valde for 2 år.

#### 16.2 Valgkomiteens arbeid og oppgaver

Valgkomiteen skal leggja fram innstilling til generalforsamlinga på kandidater til alle val som ifølgje vedtektene skal veljast av generalforsamlinga.

Alle medlemmer kan overfor valgkomiteen fremja forslag på styremedlemmer innan ein på førehand fastsett frist. Styret i lokalforeninga skal i god tid kunngjera fristen for medlemmane.

Innstillinga frå valgkomiteen skal vera styret i hende senest 4 veker før generalforsamlinga.

#### 17. UTFYLLENDE REGLAR

I saker som ikkje vert dekkja av foreininga sine vedtekter skal NTFs vedtekter gjelda.

#### 18. VEDTEKSENDRINGAR

Forslag til endring av vedtektene skal handsamast av generalforsamlinga. Forslaget må sendast styret seinast 5 veker før generalforsamlingen.

Styret skal setja forslaget til vedtektsendring på dagsorden til generalforsamlinga saman med si eiga innstilling i saka.

Vedtektsendringar krev 2/3 flertall på generalforsamlinga.

Vedtektsendringane gjeld frå den dagen vedtaket vert gjort, med mindre generalforsamlinga set eit anna tidspunkt for ikraftsetjing.

Vedtektsendringar skal i etterkant leggjast fram for NTFs hovedstyre, jf. NTFs vedtekter § 18-2.

#### 19. OPPLØYSNING

Oppløysning av foreininga må i tilfelle skje i ordinært årsmøte med 4/5 fleirtal.

For innsending av forslag til styret om oppløysing gjeld same fristar som for andre saker på generalforsamlinga. Ved eventuell oppløysing skal foreininga sine netto eigardeler gå til kollektive tiltak for tannlegar som ligg innafor formåla til foreininga.